ALVER
KOMMUNE

Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:F72HV4-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 14.02.2023 |
| Vår: 23/1252 - 23/12459 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på røyrleggarmelding - Gbnr 38/28 Hodne

| | |
| --- | --- |
| **Tiltak:** | Tilknyting offentleg avløp, har kommunalt vatn frå før. |
| **Byggjestad:** | Mykingvegen 1167 og 1169 – Gbnr 38/28 |
| **Tiltakshavar:** | Asle Øvstedal |
| **Ansvarleg søkjar:** | Vest VVS AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.02.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ser at avløpsleidning er lagt over annan manns grunn. Før vi kan handsame søknad om tilknyting til kommunalt avløpsnett skal vi ha kopi av tinglyst rett til å legge leidningsnett over annan manns grunn.

   Forslag til avtale er vedlagt

   Det kan sjå ut som at leidningsnett ligg over følgjande eigedomar:
   Gbnr 38/71, Gbnr 38/65, Gbnr 38/31 og Gbnr 38/37.

2. Da arbeid er utført i mai 2022 vert eigedom no lagt inn med kommunalt årsgebyr for avløp frå 01.06.2022. Eigedom vert lagt inn med årsgebyr for avløp for husvære over 90 m2 og kjellarhusvære under 90m2.

   Når tilknytingssøknad er godkjent vil det verte sendt ut tilknytingsgebyr på kr.15 000,- per bueining.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Erklæring om rett til å gå over annan manns grunn

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Asle Øvstedal | Mykingvegen 1169 | 5957 | Myking |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | EIKANGERVÅG |